



Skageneset friluftsområde



Utleige av huset i Skageneset

Huset kan leigast etter avtale med Friluftsrådet. Området er godt eigna for turer med skular og barnehagar. Huset har enkel standard. I naustet ligg det robåt og tomannskajakk som kan nyttast av leigetakarane. Hugs å ta med redningsvest!

Tilkomst: Skageneset ligg nordvest for Manger i Radøy kommune. Det er flott å ta seg fram til fots på tursti frå Birkeland, Manger eller Mangerøy. På Birkeland og Urhaug er det vanskeleg å finne parkeringsplass langs vegen. Det lettaste er difor å parkere ved kommunehuset i Manger sentrum og følge tursti til Skageneset. Gangtid frå Manger til Skageneset er omlag 45 minutt utan kvil.

Utstyr: Våningshuset er ei tradisjonell vestlandsk lemstove. Det er to stover i første høgda med eit lite kjøkken i midten. I eine stova er det spiseplass, i den andre er det sofagruppe og vedovn. Kjøkkenet har gassapparat for koking og enkelt kjøkkenutstyr. I andre høgda er det to soverom med 4 senger kvar og ein midtgang med to senger. Ta med eiga sovepose. Det er utedo og vedskjul i uthuset. Huset har ikkje straum og innlagt vatn. Vatnet i brønnen på nedsida av huset er av dårleg kvalitet, så det er naudsynt å ta med vatn til drikke og matlaging. Stearinlys er det òg lurt å ta med.

Priser i 2005: Dagsbesøk, uansett antall: kr. 200. Overnatting koster kr. 400 pr. døgn for 1-10 personer i helga og kr. 200 pr. døgn i ukedagane. Nøkkel til huset kan du hente hjå Friluftsrådet eller Radøy kommune.

Dei som leiger må rydda og gjera reint etter seg. Alt avfall må takast med!



SKAGENESET FRILUFTSOMRÅDE

Skageneset er eit tidlegare småbruk som vart sikra som offentleg friluftsområde i 1982. Radøy kommune eig og Bergen og Omland Friluftsråd forvaltar eigedommen, som er på 50 daa og omfattar våningshus, uthus, jordkjellar, naust og kai. Her er gamal innmark, granskog, spreidd småskog og strandline med svaberg. Ytst på neset er det ein grunn poll med sandbotn som høver godt til bading.

Frå fristad for flyktningar til friområde for alle

I krigsåra spela Skageneset ei viktig rolle for motstandsørsla. Ei enkje med tre born budde her då. Ein lokal kontakt for heimefronten som kjende til Skageneset og visste at garden låg avsides til, fekk overtala enkja til å vera med å gøyma flyktningar som skulle vidare over Nordsjøen. På neste side gjev ei av døtrene på Skageneset ei levande skildring av korleis familien opplevde krigsåra. Ingeborg Skagenes vart seinare heidra med deltakarmedaljen for innsatsen under krigen.



Ingeborg Skagenes vitjer Skageneset, september 2004.

Skageneset 1940-1945

Eg stod på overgangen mellom barn og vaksen, 15 år gamal.

Framtidsvonene var store, ei fin ungdomstid hadde eg framfor meg, trudde eg.

Då med eitt, ein fin vårdag i april 1940, la det det seg brått ei kald og klam hand over meg, heimen min, bygda og heile landet vårt. Den kalde handa kom i form av ei framand hærsmakt som la landet vårt under seg. Våre eigne styresmakter kom på flukt, fortalde dei som var skikkeleg vaksne og fylgde med. Eg hugsar at eg var svært ottefull for korleis det skulle gå med kongen vår, kronprinsfamilien og dei små prinsessene og prinsen vår. Då vi høyrde at dei var komne vel over "fjorden", det vart eit uttrykk seinare, då vart eg glad.

Det vart mange lovendingar og restriksjonar og so rasjoneringa då. Det vart mindre og mindre og få kjøpt. Eg hadde tenkt å reisa til byen å få arbeid, det vart det ikkje noko av, det var for farleg med bombing og alle slags fårer, sa mor.

Me trudde frå fyrst av at krigen ikkje ville vara so lenge. Me tok feil, den varte og åra gjekk. Me hadde ikkje radio, men frå dei som hadde det, fekk me høyra at våre gode naboar over "fjorden" slost saman med oss, og at krigen skulle me vinna.

So med eit hende det. Sjølv sagt hadde det hendt før, mange stader, langs heile kysten vår, det var berre me som ikkje hadde visst om det. Heimefront, undergrunnsrørsla, to ord som gav tru og von, ei velgjerande kjensle av at det hende noko. No tok vi til å ana kvifor vi hadde høyrte at folk vart tekne av gestapo og torturert på det verste, tekne livet av også i verste fall.

Heimefronten hadde greinar i alle retningar, også i bygda vår. Dei som var kontaktar kjende til Skageneset og visste at det låg avsides til. Den fyrste kontaktmannen Mikkael Harkestad kom til oss i skymringa ein kveld. Mor kjende han ikkje, ho trudde frå først av at han var ute som spion. Eg er åleine med tre born og vil ikkje ha noko med dette å gjera, var svaret ho gav. Mikkael gav seg ikkje so fort. Han fortalde at han hadde vore på fiske saman med far før i tida og hadde mange stubbar frå den tida. Det enda med at mor kjende att desse historiane og skyna at mannen snakka sant og at han var ein god normann. Då han for frå oss med lovnad om at vi ville vera med å gjera det vi kunne i flykningetraffikken, satt mor att med eit stort problem.

Vi borni hadde ikkje vore heime denne kvelden og kor mykje kunne ho fortelje oss om dette, og ville vi ha vit til å halda tett om det vi vart med på. Alderen på oss var då ca. 17, 14 og 13 år. Det enda med at ho fortalde alt det vi trong å vite og let oss forstå kor fårleg dette var.

Dei fyrste flyktingane kom. Ei mor med to gutar var dei fyrste. Gestapo var på jakt etter denne kvinna fordi mannen hennar hadde "vore borti noko" som vi sa, og var reist til England. Sidan kom det fleire, menn, kvinner og born, stundom fleire på ein gong. På det meste var det tretten rundt stovebordet utanom oss sjølve.

Flyktingane kom til Manger med rutebåten "Varden" og der måtte dei hentast. So bar det oftast sjøvegen til Skageneset. Dette var greit den tida på året det var mørkt om kveldane og båten var sein. Verre var det på sumarkveldane når sola stod høgt på himmelen. Då var det ofte eg som måtte ta robåten og fara avstad. Me meinte at ingen ville tru at ein jentunge var ute i ulovleg ærend.

Heime i Skageneset vart det eit spørsmål kvar vi skulle ta maten frå. Utkoma var heller dårleg frå før og med so mange munnar å mette vart det reint gale. Vi laga potetkakar og strilekaker og so for vi på alle butikkar som fanst rundt her for å kjøpa brød. Med det forbruket vi hadde når det gjalt brød var det altfor mistenkeleg å kjøpa alt på ein stad. Brød merker hadde vi nok av.

Og so den pengeløysa, vi hadde rett og slett ikkje pengar. Alt skulle

koma frå dei to kyrne vi hadde og 10-15 høns. Vel var det lite å få kjøpt, men det vi hadde og setja på bordet til folk på slutten var så skralt at vi skjemdest. Mange gonger snakka vi om dette og kom til at vi måtte halda opp. Vi orka ikkje meir.

So banka det på døra att ein kveld og utanfor stod ein flokk menneske i livsfåre. Ja, ja. De får koma inn då sa mor. 105 personar for såleis gjennom våre dørar i krigens dagar.

Dei skulle vidare, Shetland var målet og før dei var framme der var det ikkje slutt på fårane. Frå Skageneset til Shetland var eit bra stykke veg å fara. Tyske vaktbåtar tråla fjorden på kryss og tvers og fly var på vingene til alle tider. Her laut brukast vit og list og lempe. Sterke armar laut dei ogso ha dei som skulle ro den første biten av vegen.

Ute i Øygarden var staden der "Shetlandsbåten" kom inn i ly av nattemørket. Dei to robåtane våre var i flittig bruk. Den eine av desse båtane var stor og sterk, nesten ny. Den andre var mor litt redd for. Den var liten og lett, men særst godt egna for det vi eigentleg brukte den til, ro til handelsmannen og fiske til heimebruk. Øydelegg dei denne båten for meg, kan eg ikkje greia meg i Skageneset, sa mor.

Når veret var lageleg, var det råd å sigla over fjorden til Øygarden med nokre menneske i kvar båt. Ein garnhaug laut det likevel vera plass til, det skulle sjå ut som det var fiske dei dreiv med desse båtane.

Det kunne henda at veret var mindre lageleg, med regn og vind, kaldt kunne det ogso vera. Då var det vont å senda folk frå seg. Her kom dei gode ullteppa som mor hadde vevd godt med. Når vi fekk dei heimatt bar dei tydelege merker etter sjøturen, ei blanding av sjøsprøyt og oppkast fortalde oss korleis gjestane våre hadde opplevd turen.

Eg nemde at vi hadde 13 menneske på ein gong. Her var med ei lita jente ca. to år gamal. Då dei skulle fara tok det til å blåsa alt kvelden i førevegen. Det auka på utover natta og om morgonen var det uråd å fara med robåt til Øygarden.

Ein mann på Toska, Konrad Martinussen, vart redninga denne dagen. Han førde ei skøyte heimefronten hadde kjøpt. Heime hos oss stod tretten menneske og såg med gru ut gjennom vindauga, at dei kvidda seg for denne turen var tydeleg å sjå. Dei visste då heller ingenting om reiseruta.

At Konrad visste kva han gjorde fekk vi prov på då han losa skjøyta millom holmar, skjer og fluar, og sette bauen opp mot land på vestsida av Skageneset. Sjøen stod som ein røyk rundt oss der vi stod og prøvde å hjelpa folk ombord. Det tok tid for båten duva opp og ned og Konrad måtte bakka heile tida for at ikkje båten skulle ta skade av slag mot bergveggen. To karar tok småjenta som sat i sportsvogn mellom seg og ho kom vel ombord saman med dei andre. Over fjorden kom dei og velberga til Shetland, men kledda vi fekk heimatt den gongen var ikkje til å ta i.

Det låg liksom noko i lufta. Dei sparsome meldingane vi fekk sa oss at no ville ikkje krigen vara lenge. Hjø oss merkast det på det viset at det tok til å koma folk heimat frå England ogso. Tre karar fyrst. Dei for vidare og kort tid etter kom det ein mann. Han innstallerte seg på lemnen, med mykje apparat og leidningar.

Dagen etter tusla eg med noko på kjøkkenet. Mor var på åkeren og sette poteter. Då kom mannen ned frå loftet og gjekk ut, han braut den lova vi hadde sett og som hadde vore halden heile tida. Eg for etter han. Då stod han i gatedøra. Han hadde på seg Norsk uniform. Det er over no, krigen er slutt. So gjekk han oppatt på loftet. Eg gret.

Mor stod framleis i åkeren, eg måtte burt og fortelja henne dette. Ho vart heilt vitskremd. Det har rabla for mannen sa ho og sprang heim for å sjå til han. Han kjem til å gjera noko gale, heldt ho fram, medan ho sprang.

Nei han gjorde sovisst ikkje noko gale. Då vi kom opp på haugen bakom løa, såg vi norske flagg kring på gardane. Og fleire kom til etter kvart som nyheita spredde seg. Krigen var slutt.



Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv over 180 friluftsområder i Bergen og 13 omlandskommuner. BOF arbeider med å sikre nye områder og legg til rette med badefjærer, gangstier, toalett, stupebrett m.m.

BOF har kontor på Helleneset, Hellebakken 45.

Tlf: 55 39 29 50, faks: 55 39 29 59.

Meir informasjon om friluftsområder og utleigehus på
www.bof.no